




Lokale retningslinjer for tilskot til Utvald kulturlandskap (UKL) Hjørundfjorden og Norangsdalen 2019

Regelverket er utarbeidd på grunnlag av Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, FOR-2016-08-10-966

Innhold

1. Utvalde kulturlandskap i jordbruket – ei tverrfagleg satsing	3 -
2. Verdier i Hjørundfjorden og Norangsdalen	3 -
3. Tildelte midlar til Hjørundfjorden og Norangsdalen 2019	3 -
4. Føremålet med ordninga	3 -
5. Verkeområde	3 -
6. Kven kan søkje?	3 -
7. Kva kan du søkje om tilskot til?	4 -
8. Korleis søker du?	4 -
9. Søknadsfrist	4 -
10. Søknad om tilskot til årleg skjøtselstiltak eller til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)	4 -
10.1 Kvifor treng vi å lage ein heilskapleg plan for skjøtels- og restaureringstiltak?	5 -
10.2 Søknader om tilskot til årleg skjøtsel	5 -
10.2.1 Føringar for søknader om tilskot til årleg skjøtsel.....	5 -
10.2.2 Prioriteringar mellom søknader om tilskot til årleg skjøtsel.....	5 -
10.2.3 Satsar/støttebeløp for årleg skjøtsel.....	6 -
10.3 Søknader om tilskot til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)	6 -
10.3.1 Føringar for søknader om tilskot til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal).....	6 -
10.3.2 Prioriteringar mellom søknader om tilskot til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)	6 -
10.3.3 Satsar for eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)	6 -
11. Søknad om andre kulturlandskapstiltak	7 -
11.1 Føringar for søknad om tilskot til andre kulturlandskapstiltak	7 -
11.2 Prioriteringar mellom søknader om andre kulturlandskapstiltak	7 -
11.3 Spesielt om søknader som gjeld innkjøp ev elektronisk gjerdesystem m.v.	7 -
10.4 Satsar for andre kulturlandskapstiltak	7 -

12. Generelle krav til alle søknader	- 8 -
12.1 Spesielt om obligatoriske vedlegg - kart og bilete.....	- 8 -
13. Generelt om tildeling av tilskot	- 8 -
14. Utbetaling og rapportering	- 8 -
15. Klage	- 9 -
16. Opplysningsplikt og kontroll	- 9 -
17. Omgjering og attendebetaling	- 9 -
18. For meir informasjon om UKL-ordninga	- 9 -
19. Har du spørsmål?	- 10 -



1. Utvalde kulturlandskap i jordbruket – ei tverrfagleg satsing

Kulturlandskap er landskap som er skapt av samspelet mellom menneske, natur og landbruksaktivitet over lang tid. Utvalde kulturlandskap i jordbruket (UKL) er ei økonomisk satsing og ein arbeidsmåte for å ta vare på eit representativt utval av verdifulle norske jordbrukslandskap. Arbeidet på nasjonalt nivå leiast av et sekretariat med representantar frå Landbruksdirektoratet, Miljødirektoratet og Riksantikvaren.

Per i dag er det 45 utvalde kulturlandskap i Norge. Med status som utvald kulturlandskap følgjer ei synleggjering av områda lokalt, regionalt og nasjonalt. Statusen inneber også at områda kvart år vil få tildelt eigne middel for å ta vare på- og formidle verdiane i kulturlandskapet.

2. Verdier i Hjørundfjorden og Norangsdalen

Hjørundfjorden og Norangsdalen fekk status som Utvald kulturlandskap i jordbruket i 2018. Området er representativt for fjord- og dallandskap på Vestlandet, der mykje av historia er knytt til naturen og naturkreftene. Marginale jordressursar ved fjorden og i dalar, utmarksressursar og fjordfiske har gjeve grunnlag for busetnad. Mange av dei spreidde bruka ligg brattlendt til, nokre veglause og fråflytta. I området finst dyrkingsspor, ferdselsårer og gards- og seterbygningar frå tidlegare tider, og andre kulturminne. Bruk av utmarka og hausting har resultert i fleire kulturmarker med høgt artsmangfald, og området har fleire naturreservat. Busetnaden er i dag konsentrert til bygder i nedre deler av dalføra, og her er jordbruket modernisert med mjølkeproduksjon på ku og geit, og kjøtproduksjon på storfe og sau.

3. Tildelte midlar til Hjørundfjorden og Norangsdalen 2019

Området har blitt tildelt kr 900 000,- for 2019. Ein del av desse midlane kan bli avsett til årlege driftskostnader, møte, arrangement og andre tiltak.

4. Føremålet med ordninga

Føremålet med tilskot til tiltak i Utvalde kulturlandskap er å medverke til å sikre verdier knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne og kulturmiljø, og å sikre langsiktig skjøtsel og drift, jf. § 1 i *Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyane og Vestnorsk fjordlandskap*. Ordninga skal medverke til å oppretthalde eit aktivt og levande kulturlandskap, ta vare på kultur- og kulturlandskapsverdier og å hindre attgroing.

5. Verkeområde

Ordninga gjeld innanfor det utvalde kulturlandskapet Hjørundfjorden og Norangsdalen slik det er avgrensa i Naturbase. Sjå <https://kart.naturbase.no/>

6. Kven kan søkje?

Målgruppa for ordninga er personar og verksemdar som bidreg til å fremje føremålet med ordninga. Til dømes:

- Grunneigarar og drivarar
- Landbruksføretak
- Lokale entreprenørar/gründerar
- Kunnskapsmiljø
- Organisasjonar, foreiningar eller lag

Dersom søkjar ikkje er grunneigar, må det liggje føre løyve frå grunneigar og eventuelt andre rettshavarar for å gjennomføre tiltak.

7. Kva kan du søkje om tilskot til?

Du kan søkje om tilskot til tiltak som fremjar føremålet med ordninga. Dette kan vere:

- Restaurering og skjøtsel av areal
- Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
- Planlegging av tiltak/prosjekt
- Tilrettelegging for ferdsel
- Formidling- og informasjonstiltak
- Gjennomføring av arrangement, kurs, fagdag eller liknande

Tiltaka må også vere i samsvar med gjeldande planar for området.

8. Korleis søkjer du?

For 2019 er det laga to ulike søknadsskjema:

- Eitt for søknad om tilskot til årleg skjøtselstiltak og eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal).
- Eitt for alle andre kulturlandskapstiltak/prosjekt.

Søknadsskjema finn du på Fylkesmannen si heimeside, og på heimsidene til Ørsta kommune.

Du sender søknaden til Ørsta kommune: Dalevegen 6, 6153 Ørsta eller som e-post til postmottak@orsta.kommune.no

9. Søknadsfrist

Søknadsfrist er 15. oktober 2019.

10. Søknad om tilskot til årleg skjøtselstiltak eller til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)

I det utvalde kulturlandskapet er det mange område som er prega av attgroing, og behova for skjøtels- og restaureringstiltak er stort. Fleire grunneigarar/brukarar har og uttrykt at skjøtsel- og restaurering av areal er dei viktigaste tiltaka å satse på i det utvalde kulturlandskapet. Dette gjeld spesielt skjøtsel gjennom beiting.

I år har vi laga eit eige søknadsskjema for tilskot til årleg skjøtsel og til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal) Bakgrunnen for dette er at vi ønskjer å bruke søknadsrunden for å kartleggje areal/lokalitetar som det vert drive årleg skjøtsel og restaurering på i dag, eller som er aktuelle for årlege skjøtselstiltak og restaurering i framtida. Føremålet med kartlegginga vil vere å skaffe informasjon og kunnskap om:

- Dei ulike lokalitetane/areala.
- Kva for tilstand ein ønskjer å oppnå eller bevare.
- Kva type restaurerings- og skjøtselstiltak som vert kravd (eingongs - eller årlege tiltak, beting eller slått).
- Kva for ressursar som vert kravd (for å setje opp eit kostnadsoverslag/budsjett).
- Kva for lokalitetar/areal som skal prioriterast.

Kartlegginga skal leggjast til grunn for å laga ein heilskapleg plan for skjøtsel og restaurering i det utvalde kulturlandskapet.

10.1 Kvifor treng vi å lage ein heilskapleg plan for skjøtsels- og restaureringstiltak?

Langsiktig tenking: For å hindre attgroing og tap av verdiar i eit langsiktig perspektiv, må ein leggje til grunn ein heilskapleg forvaltning av området. For UKL Hjørundfjorden og Norangsdalen vil det innebere å få kartlagt verdifulle areal som treng skjøtsel og/eller restaurering, og deretter få laga ein gjennomarbeidd plan for naudsynte tiltak. Planen skal vere eit viktig grunnlag for å sikre fagleg forankring av tiltaka, god ressursbruk og godt samarbeid. Dette vil igjen sikre likebehandling av- og føreseielegheit for grunneigarar og brukarar.

Fagleg forankring av tiltaka: Ulike område i Hjørundfjorden og Norangsdalen representerer ulike verdiar knytt opp til kulturlandskapet, slik som biologiske/økologiske-, kulturhistoriske- og landskapsestetiske verdiar mfl. I mange tilfelle vil det ikkje vere nok å berre setja i gang skjøtsel av eit område. Det er minst like viktig at tiltaka vert utført på rett måte. Kva som er «rett måte» vil vera ulikt alt etter kva for verdiar som finst i området, og i mange tilfelle vil ein kunna gjera ulik skjøtsel for å oppnå det same målet. Dersom ein berre ønskjer å halde landskapet ope, kan ein gjere det med mindre arbeidsintensive metodar, til dømes maskinell rydding. Dersom ein og ønskjer å oppretthalde natur- og kulturverdiar som finst i landskapet, trengs ein meir gjennomtenkt skjøtsel. Det bør heller ikkje restaurerast meir enn det som kan vedlikehaldas på lang sikt. Det er betre å restaurere eit mindre areal som ein veit ein kan skjøtte på lang sikt, enn å restaurere eit større areal som ein ikkje greier å vedlikehalde. Ved å t.d. ha ein etappevis skjøtelsplan kan ein utvide tiltaksområdet i takt med kapasiteten, og det blir enklare å justere undervegs.

God ressursbruk: All skjøtsel og restaurering av areal krev økonomi. Å ha ein langsiktig plan for skjøtels- og restaureringstiltak, vil leggje til rette for prioritering og fordeling av UKL - midla. Det vil og gjere det mogleg å kombinere UKL- midla med andre tilskotsordningar, t.d. Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og Tilskot til utvalde naturtypar. Det er og viktig å skilje mellom eingongstiltak og fleirårige tiltak, og få fastsett tilskotssatsar for ulike typar av skjøtsel.

Samarbeid og samordning av innsats: Et samarbeid mellom fleire grunneigarar, eller ei heil grend (der og andre interesser vert trekt inn) er ofte å føretrekke. Eit samarbeid kan både vera økonomisk i høve til midlar, og vere med på å sikre ein langsiktig skjøtsel og drift. Fleire område i Hjørundfjorden og Norangsdalen er og avhengig av å bli skjøtta gjennom beiting, medan fleirtalet av grunneigarane ikkje driv med beitedyr. Då kan eit samarbeid med aktive gardsbruk i området eller randsona til området, gjennom langsiktige låne- eller leigeordningar, vere ei god løysing.

10.2 Søknader om tilskot til årleg skjøtsel

10.2.1 Føringar for søknader om tilskot til årleg skjøtsel

- Søknad om tilskot til årleg skjøtsel levert i 2019, vil gjelde for skjøtelsseasonen 2020.
- Støtte til årleg skjøtselstiltak i 2020 vil ikkje nødvendigvis bety vidare støtte i 2021 og åra framover. Årsaka til dette er at årets søknadsrunde også vil fungere som ein kartlegging av skjøtelsstiltak. I etterkant av årets søknadsrunde treng vi difor å evaluere ressursbruk, fastsette prioriteringar, vilkår og satsar for skjøtsel, med det mål om å inngå langsiktige skjøtelsavtaler/samarbeidsavtaler med kvar einskild grunneigar/brukar.

10.2.2 Prioriteringar mellom søknader om tilskot til årleg skjøtsel

For søknader som omhandlar årleg skjøtsel vil vi i 2019 prioritere følgjande:

- Areal som er registrert som gamal kulturmark. Gamal kulturmark er areal som er prega av jordbruksdrift, kor vegetasjonen er prega av naturleg førekommande artar, men med ei samansetning som skil seg frå det ein finn i naturen elles. Dei gamle kulturmarkene er forma av tradisjonelle driftsmetoder over lang tid, og er avhengig av faktorar som beitebruk, slått, rydding, brenning eller styving for å bestå.

- Areal som er kategorisert som «Verdifulle områder for landbrukets kulturlandskap» i *Fagrapport: Kjerneområde landbruk. Registrering og prioritering av viktige produksjonsareal i jordbruket og landbrukets kulturlandskap, Ørsta kommune, 2013/135.*
- Areal med eller rundt arkeologiske kulturminne.

I år vil vi ikkje prioritere å gi tilskot til areal kor det vert drive med vanlig jordbruksproduksjon. Det vil seie areal som er tilskotsberettiga etter *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket*. FOR-2014-12-19-1817.

10.2.3 Satsar/støttebeløp for årleg skjøtsel

- Det er ikkje fastsett satsar/støttebeløp for årleg skjøtsel for 2020. Dette vil bli fastsett når vi veit kor mange søknader vi får inn, og dessutan omfang og kostnader knytt til kvart einskild tiltak.
- Sannsynleg måleining vil vere sats per dekar for slått og styrt beiting (inngjerda beiteområde), og per dyretal ved beting i utmark.

10.3 Søknader om tilskot til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)

10.3.1 Føringar for søknader om tilskot til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)

- Frist for gjennomføring av tiltaket er 3 år frå det blir løyvd tilskot, med mindre Fylkesmannen har satt ein kortare frist ved innvilging av søknaden. Ein kan få forlenga arbeidsfristen etter søknad, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet ble løyvd.
- Tiltaket med tilbakeføring av areal må vere gjennomført før ein kan søkje om tilskot til årleg skjøtsel på det same arealet.

10.3.2 Prioriteringar mellom søknader om tilskot til eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)

For søknader som omhandlar eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal) vil vi i 2019 prioritere følgjande:

- Areal som tidlegare har vore kulturmark, men som no er attgrodd. Gamal kulturmark er areal som er prega av jordbruksdrift, kor vegetasjonen er prega av naturleg førekommande artar, men med ei samansetning som skil seg frå det ein finn i naturen elles. Dei gamle kulturmarkene er forma av tradisjonelle driftsmetoder over lang tid, og er avhengig av faktorar som beitebruk, slått, rydding, brenning eller styving for å bestå.
- Areal som er viktige for allmenn ferdsel, rekreasjon og reiseliv.
- Areal som vert rydda til nye beiteområde for husdyr.

10.3.3 Satsar for eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal)

Fylkesmannen vurderer og fastset tilskotsandel i kvar enkelt sak. Det gjevast normalt tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. For større fellestiltak kan Fylkesmannen vurdere å gje inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotsandel blir angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

Rettleiande satsar for eige arbeid er:

- Manuelt arbeid kr. 350,-/time
- Person med motorsag e.l.kr. 400,-/time
- Traktor med fører kr 550,-/time

Øvre avgrensing for felling, hogst, rydding og bortkøyring av hogstavfall er inntil 5000,- kr per dekar ved sterk gjengroing. Ved mindre gjengroing vert det brukt ein skjønnsmessig del.

11. Søknad om andre kulturlandskapstiltak

11.1 Føringer for søknad om tilskot til andre kulturlandskapstiltak

- Gjeld alle tiltak i det utvalde kulturlandskapet, med unntak av årlege skjøtselstiltak og eingongstiltak skjøtsel (tilbakeføring av areal). Til dømes:
 - Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av bygningar og andre kulturminne
 - Planlegging av tiltak/prosjekt
 - Tilrettelegging for ferdsel
 - Formidling- og informasjonstiltak
 - Gjennomføring av arrangement, kurs, fagdag eller liknande
 - Investering i elektronisk gjerdesystem eller oppsett av vanlig gjerde i beiteområde
- Frist for gjennomføring av tiltaket er 3 år frå det blir løyvd tilskot, med mindre Fylkesmannen har satt ein kortare frist ved innvilging av søknaden. Fylkesmannen kan etter søknad forlengje arbeidsfristen, men ikkje ut over 5 år frå tilskotet vart løyvd. Arbeidsfrist blir angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

11.2 Prioriteringar mellom søknader om andre kulturlandskapstiltak

For søknader som omhandlar andre kulturlandskapstiltak vil vi i 2019 prioritere følgjande:

- Faglege utgreingar for restaurering av bygningar og andre kulturminne.
- Innovative tiltak som koplar reiseliv/kulturlandskap/opplevingar på ein berekraftig måte
- Tiltak som når ut til flest mogleg menneske, som søkjar å kombinere natur- og kulturverdiane i området, eller formidling av desse.

11.3 Spesielt om søknader som gjeld innkjøp av elektronisk gjerdesystem m.v.

I 2018 fekk Fylkesmannen inn fleire søknader som omhandla innkjøp av beitedyr og det elektroniske gjerdesystemet «nofence», der hovudføremålet med tiltaka var rein skjøtsel. Fylkesmannen ser potensialet i slike tiltak, men ønskjer nå i starten å gi tilskot til eit eller to slike tiltak, for å sjå korleis det fungerer og fremjar føremålet med ordninga. Vi oppfordrar å søkje om tilskot, men vil prioritere etter følgjande kriterium:

- At søkjar driv med beitedyr i frå før, eventuelt låner/leiger dyr frå aktive gardsbruk i området. Vi vil ikkje gi tilskot til innkjøp av beitedyr i år.
- At søkjar har tilgang på andre driftsmidlar, t.d. fjøs/husrom og fôr til beitedyra.
- At søknaden gjeld for fleire enn eitt bruk. Vi oppmodar til fellesprosjekt som omfattar fleire gardar eller ei heil grend.
- At det er spesielle forhold på staden som gjer at eit elektronisk gjerdesystem peiker seg ut som naudsynt eller meir aktuelt enn vanlig gjerde.
- At forhold knytt til beiteområdet tilseier at utstyret vil fungere, og at dette er avklart i søknaden (t.d. topografi, vegetasjon, mobildekning mm).
- At søkjaren sannsynleggjer at utstyret vil bli brukt på riktig måte.

Ved ei eventuelt løyving kan det gjevast tilskot til investering i utstyr (klavar, batteri, ladar og beacon), og til årlege driftskostnader i inntil 3 år.

10.4 Satsar for andre kulturlandskapstiltak

Fylkesmannen vurderer og fastset tilskotsandel i kvar enkelt sak. Det gjevast normalt tilskot med inntil 70 % av godkjent kostnadsoverslag. For større fellestiltak kan Fylkesmannen vurdere å gje inntil 100 % av godkjent kostnadsoverslag. Tilskotsandel blir angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

Rettleiande satsar for eige arbeid er:

- Manuelt arbeid 350,-/time
- Person med motorsag e.l. 400,-/time
- Traktor med fører 550,-/time

12. Generelle krav til alle søknader

Det skal fyllast ut eitt søknadsskjema per tiltak/prosjekt. Alle felt må vere utfylt for at søknaden skal vere komplett, og alle obligatoriske vedlegg skal liggje ved søknaden. Kva som er obligatorisk vedlegg er lista opp i søknadsskjemaa. Mangelfull søknad og/eller vedlegg kan medføre retur eller avvising av søknaden, og føre til lengre sakshandsamingstid.

12.1 Spesielt om obligatoriske vedlegg - kart og bilete

Tiltak som skjøtsel, restaurering av bygningar/kulturminne og anna fysisk tilrettelegging skal merkast av på kart ved teikning/omriss/skravering, som angjev kor tiltaket skal utførast.

Det skal takast bilete før tiltaket setjast i gang og etter at tiltaket er slutført. Dette er for å dokumentere situasjonen før- og etter tiltak, og for å synleggjere det viktige arbeidet som blir gjort i kulturlandskapet. Før- og etterbilete bør tas frå same ståstad, slik at endringa blir godt dokumentert.

Ved arrangement skal det takast bilete som viser aktiviteten.

13. Generelt om tildeling av tilskot

Ørsta kommune tek mot søknadane og gjev innspel til prioriteringar for bruk av midla. Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsamar søknadane, fattar vedtak og føretek utbetalingar av tilskot.

Fylkesmannen kan setje nærare vilkår for løyvinga i kvar enkelt sak.

For tiltak som gjeld utbetring av bygningar og andre kulturminne, skal søknaden høyrast av Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling før det kan løyvast tilskot.

For tiltak som gjeld biologisk mangfald, skal søknaden høyrast av Fylkesmannen i Møre og Romsdal si miljøvernavdeling før det kan løyvast tilskot.

14. Utbetaling og rapportering

Mottakar av tilskot må sende ei skriftleg oppmoding til Fylkesmannen for å få utbetalt tilskotet. Oppmodinga skal sendast innan fristen angitt i vedtaksbrevet om tilskot.

Ved oppmodinga skal det leggjast ved:

- Ein kort skriftleg rapport: Rapporten skal innehalde ei beskriving av det gjennomførte tiltaket/prosjektet, og bilete som viser situasjonen før- og etter at tiltaket/prosjektet er gjennomført.
- Sluttrekneskap: Rekneskapa skal følgje same oppsett som søknadens kostnadsoverslag/budsjett, og vere så oversynleg som mogleg. Timelister skal attesterast av den/dei som har utført timane. Kostnader som ikkje er tatt med i søknaden, eller som ikkje kan dokumenterast med kvittering, bilag og/eller timelister, vert ikkje utbetalt.

Fylkesmannen kan gje nærare krav om rapportering i vedtaksbrevet om tilskot.

Fylkesmannen betalar ut det løyvde tilskotet etter at tiltaket/prosjektet er dokumentert gjennomført, og etter at Fylkesmannen har godkjent sluttrapport, sluttrekneskap og sett til at vilkåra for løyvinga er oppfylt.

For tiltak som gjeld utbetring av bygningar og andre kulturminne, skal Møre og Romsdal fylkeskommune si kulturavdeling godkjenne tiltaket før tilskotet vert utbetalt.

For tiltak som gjeld biologisk mangfald, skal Fylkesmannen si miljøvernavdeling godkjenne tiltaket før tilskotet vert utbetalt.

Fylkesmannen kan og betale ut tilskot etter kvart som deler av tiltaket vert utført, på bakgrunn av godkjent dokumentasjon, men minst 25 % av tilskotet skal haldast attende til tiltaket er slutført.

15. Klage

Vedtak som er fatta av Fylkesmannen kan klagast inn til Landbruksdirektoratet etter reglane i *Lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) kap. VI*.

Eventuell klage stilast til Landbruksdirektoratet, men vert sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

16. Opplysningsplikt og kontroll

Søklar av tilskot plikter å gje alle opplysningar som Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet finn nødvendig for å kunne forvalte ordninga.

Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan kontrollere at bruken og utbetaling av tilskot er i tråd med forutsetningane. Søklar plikter å utlevere all bokføring, korrespondanse og oppteikningar som vedkjem tilskotet. Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet kan foreta stadleg kontroll.

17. Omgjering og attendebetaling

Tilskot som ikkje er brukt i samsvar med tildelingsvedtaket kan krevjast betalt attende.

Fylkesmannen kan gjere om vedtak om løyvd tilskot, og utbetalt tilskot kan krevjast betalt attende dersom det blir avdekket forhold som er i strid med det som er forutsett ved løyving av tilskotet.

For krav om attendebetaling av tilskot kan det krevjast renter etter *Lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.*

18. For meir informasjon om UKL-ordninga

- Landbruksdirektoratet si nettside om Utvalde kulturlandskap i jordbruket, sjå: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/miljo-og-okologisk/kulturlandskap/utvalgte-kulturlandskap>
- Forskrift om tilskudd til tiltak i Utvalgte kulturlandskap i jordbruket og verdensarvområdene Vegaøyen og Vestnorsk fjordlandskap, (FOR-2016-08-10-966), sjå: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-10-966>

19. Har du spørsmål?

Har spørsmål til søknadsskjema, vedlegg eller rapportering tek du kontakt med:

- Liv Bente Viddal, Ørsta kommune.
Tlf. 907 04 008 og e-post: liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
- Ragnhild Naug Aas, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
Tlf: 71 25 85 19 og e- post: fmmrraa@fylkesmannen.no

